



Miljøløftet

DAGSORDEN

Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Vestlandshuset, møterom Jostedalsbreen

Dato: 21. februar 2024

Klokkeslett: 09:00-12:00

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 14. februar 2024

Saksliste byvekstavtalen

- Sak 6/24 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 7/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 06.12.2023
- Sak 8/24 Statsbudsjett og fylkesbudsjett
- Sak 9/24 Planlegging fylkesveg i Bergen
- Sak 10/24 Handlingsprogram 2025-2028
- Sak 11/24 Kjennskap og haldningar til Miljøløftet
- Sak 12/24 Aktivitetsplan 2024
- Sak 13/24 Byindeks
- Sak 14/24 Trafikk og inntekt i bypakke Bergen
- Sak 15/24 Kollektiv jernbane
- Sak 16/24 Nytt frå Skyss
- Sak 17/24 Eventuelt

Saksliste bypakke Bergen

- Sak 18/24 Bypakke Bergen: Prosess for justering av takstane i Bypakke Bergen
- Sak 19/24 Eventuelt Bypakke Bergen

Saksliste byvekstavtalen

Sak 6/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 7/24 Godkjenning av referat fra møtet i styringsgruppa 06.12.2023

Vedlegg 1

Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 8/24 Statsbudsjett og fylkesbudsjett

Vedlegg 2

Statsbudsjettet vart vedteke i Stortinget 20. desember 2023. Det vart ikke gjort endringar som påverkar Miljøloftet, samanlikna med forslaget som vart presentert for styringsgruppa i sak 91/23 Forslag til statsbudsjett 2024: Det er ikke gitt løyingar til nye prosjekt. Allereie igangsette prosjekt på post 30 og post 30 overført til post 66 har fått midlar i tråd med det som var spelt inn frå Miljøloftet.

14. desember 2023 fatta Fylkestinget budsjettvedtak for 2024, sjå vedlegg 2. Vestland fylkeskommune orienterer i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 9/24 Planlegging fylkesveg i Bergen

Vedlegg 3

Samferdselsutvalet i Vestland fylkesutval har fatta vedtak om å trekke potten «Planlegging fylkesveg» ut frå det fylkeskommunale bidraget til Miljøloftet. Fylkestinget har tidlegare presisert at det fylkeskommunale bidraget er geografisk avgrensa til Bergen kommune. Vedlegg 3 viser bakgrunn og konsekvensar. Kostnader knytt til prosjektering og mva for fylkeskommunale tiltak med statleg tilskot blir prioritert opp og rekna som del av det fylkeskommunale bidraget. Det er ikke spesifisert om dette gjeld i alle avtalekommunane, eller berre for Bergen. Endringa skal ikkje få følger for størrelsen på det fylkeskommunale bidraget til Miljøloftet. Saka har blitt presentert for prioriteringsrådet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 10/24 Handlingsprogram 2025-2028

Vedlegg 4

1. desember var frist for å spele inn prosjektark til rulleringa av handlingsprogram 2025-2028. Det har blitt spelt inn 22 nye prosjekt, og porteføljen for Miljøloftet inneheld no 111

prosjekt. I tråd med prinsipp om porteføljestyring, skal alle nye og ikkje igangsette prosjekt vurderast ved rullering av handlingsprogrammet. Arbeidsgruppene, og deretter Samordningsfunksjonen har gjort ei fagleg vurdering av alle prosjekt som skal vurderast, med fokus på modenheit og måloppnåing. Vedlegg 4 gir ei orientering om status for arbeidet med rullering av handlingsprogrammet, saman med og ein presentasjon av dei premiss og føresetnader som blir lagt til grunn.

Handlingsprogram 2025-28 har vore tema i to møter i prioriteringsrådet i 2024. Etter planen skal prioriteringsrådet utarbeide sitt forslag til balansert handlingsprogram i møte 11. mars. Forslag til balansert handlingsprogram blir lagt fram for handsaming i neste styringsgruppemøte, 22. mars.

Forslag til vedtak: Miljøløftets styringsgruppe tek saka til orientering.

Sak 11/24 Kjennskap og haldningar til Miljøløftet

Vedlegg 5

Ei spørjeundersøking om kjennskap og haldningar til Miljøløftet og andre relaterte emne blir gjennomført årleg. Resultata for 2023 er no klare. Vedlagt ligg ferdig rapport. Sekretariatet presenterer resultata i møtet.

Forslag til vedtak: Miljøløftets styringsgruppe tar saken til orientering.

Sak 12/24 Aktivitetsplan 2024

Vedlegg 6

Sekretariatet har eit særskilt ansvar for kommunikasjon i Miljøløftet. Kommunikasjonen er knytt til å gjere Miljøløftet kjent for publikum, drive haldningsskapande arbeid, samt å bygge og ta i vare gode relasjoner internt mellom partane i Miljøløftet. Aktivitetsplanen (vedlegg 6) viser planlagd fordeling av innsatsen i 2024. Størsteparten av innsatsen vil bli retta mot sykkel, gåing og trafiksikkerheit, deretter eit heilskapleg fokus på byvekstavtalen, og kollektiv. Innsatsen skal fordelast mellom reiserådgjeving med direkte publikumskontakt, reiserådgjevingskampanjar, samt opningar og markeringar. Det blir lagt opp til aktivitetar og kampanjar i heile avtaleområdet.

Kommunikasjonsgruppa i Miljøløftet har vært involvert i arbeidet med aktivitetsplanen. Rammeavtalen med Haltenbanken blir nytta til det meste av arbeidet. Aktivitetsplanen har ei budsjetttramme på ca. 2,55 millionar kroner eks. mva. Saka har også blitt presentert for prioriteringsrådet.

Forslag til vedtak: Miljøløftets styringsgruppe tar saken til orientering.

Sak 13/24 Byindeks

Byindeksen er hovudindikator for nullvekstmålet i byvekstavtalen. Metoden er basert på trafikkregistreringar frå faste punkt fordelt på riks- og fylkesvegar, samt på enkelte

kommunale vegar, og er meint å gi eit representativt bilet av trafikkutviklinga i avtaleområdet. Lettare næringstransport er teke ut av trafikkindeksen ettersom det er unntatt frå nullvekstmålet. For kvart trafikkregistreringspunkt blir trafikk samanlikna dato for dato og time for time mellom to påfølgande år. Det blir tatt omsyn til periodar der registreringsutstyret ikkje har vore i drift, og periodar der trafikken i stor grad er påverka av vegstengingar og omkjøringar.

Statens vegvesen presenterer oppdaterte tal i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering

Sak 14/24 Trafikk og inntekt i bypakke Bergen

Utviklinga av fordeling av køyretøy og bompeneinntektene i Bypakke Bergen blir presentert for styringsgruppa for bypakke Bergen jamleg. Trafikkutviklinga bør sjåast i samanheng med anna trafikkovervaking, så som byindeksen og utvikling i bruk av kollektiv. Trafikk og inntekt i bypakke Bergen blir derfor presentert for Miljøloftets styringsgruppe, som del av eit grunnlag for å følgje med på måloppnåing.

Vestland fylkeskommune presenterer oppdaterte tal i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 15/24 Kollektivtrafikk på jernbane

Utviklinga i kollektivbruk innanfor avtaleområdet blir presentert i styringsgruppa jamleg. Jernbanedirektoratet orienterer om oppdaterte tal frå togtrafikken.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 16/24 Nytt frå Skyss

Utviklinga i kollektivbruk innanfor avtaleområdet blir presentert i styringsgruppa jamleg. Skyss presenterer oppdaterte tal frå buss, bybane og båt, saman med andre, aktuelle nyheter.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 17/24 Eventuelt

Saksliste bypakke Bergen

Sak 18/24 Bypakke Bergen: Prosess for justering av takstane i Bypakke Bergen

Vedlegg 7

Saka er ei oppfølging etter sak i styringsgruppa 9/23, sak 109/23 *Forslag til justering av takstane i bypakke Bergen*. I møtet bad Bergen kommune om at saka skulle takast opp igjen til våren, etter lokalpolitisk forankring. Følgande vedtak vart gjort (sjå vedlegg 1): *Styringsgruppa tek saka til orientering. Saka blir tatt opp igjen til våren.*

Statens vegvesen vil i møtet supplere saka med ei orientering om forventa tidslinje mellom eit vedtak i styringsgruppa til implementering av nye takstar.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa for bypakke Bergen tek saka til orientering og ber om å få lagt fram sak til vedtak i styringsgruppemøte så snart som mogeleg.

Sak 19/24 Bypakke Bergen: Eventuelt